



Vang kommune

ArkivSakID: 19/489
JournalpostID: 19/5961
ArkivID: PlanID - 2019001,
K2 - L12
Saksbehandlar: Magnus Lajord

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
086/19	Hovudutval for utvikling	08.10.2019
066/19	Kommunestyret	17.10.2019

Behandling av planprogram - Detaljregulering Klukkargrende

Vedlegg:

02.10.2019 Planprogram Klukkargrende

142367

Saksopplysningar:


Klukkargrende Utvikling AS ynskjer å legge til rette for utvikling av bustader på Klukkargarden med gnr/bnr 93/4 i Vang sentrum. Dei har engasjert Taktil Arkitekter AS til å utføre planarbeidet. Vedlagt forslag til planprogram går nærare inn på målsettinga med planen og kva som skal utgreiast i planarbeidet.

Det aktuelle området ligg ikkje inne som byggeområde for bustader i kommuneplanen for Vang, og det krevst difor planprogram og konsekvensutgreiing jf. pbl. § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 b), vedlegg 1, pkt. 25.

Det vart avhalde oppstartsmøte 24.05.2019 og det vart varsla oppstart av planarbeidet 04.07.2019 jf. pbl. § 12-8, med høyringsfrist 20.08.2019. Det kom inn 6 innspel til varsel om oppstart, og innspela som gjeld planprogrammet er vurdert og innabeidt i planprogrammet. Andre innspel vil bli vurdert og take omsyn til ved utarbeiding av planen.


Forhold til overordna plan

Planprogrammet syner ei slik planavgrensing:




Figur 1: Aktuell planområde merka med oransje

Planområdet ligg 2 km aust for Vang sentrum og tilkomstveg er planlagt frå Klukkargardsvegen. Førebels plan for tilkomstveg og tomteutnytting kan ein sjå i kartutsnittet nedanfor. Utbyggingsområdet vil få endeleg avgrensing i løpet av planprosessen.



Figur 2: Førebels tomteutnytting

Arealet er i kommuneplanens arealdel avsett til LNFR, og tiltaket er fylgjeleg ikkje samsvar med arealføremålet i kommuneplanen. Dette utløyser krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Planprogrammet tek elles ein god gjennomgang av rammer og premiss for det vidare planarbeidet i kapittel 2.



Figur 2 Kartutsnitt fra kommuneplanens arealdel. Planområdet Klukkargrende innanfor blå-

stripla linje

Plan- og utredningstema

Tema som skal konsekvensutgreiast:

- Jordvern og beitetilhøve med arealrekneskap
- Energi og miljø: Klimagassutslepp, energikjelder, forureining og vassmiljø
- Kulturminner
- Landskapsmessige verdiar
- Ras- og flaumfare
- Transportbehov: Skuleskyss, renovasjon, m.v.

Andre tema som skal omtalast særskilt er tomtereserven og behovet for bustadtomter i Vang sentrum. Det skal og utarbeidast ei risiko- og sårbarheitsanalyse.

Innspel

Det kom inn seks innspel til varsel om oppstart. Fire av desse var frå regionale- og statlege myndigheiter og to frå naboar til planområdet. Fylkesmannen peikar mellom anna på at det er uheldig at det blir fremma fleire planinitiativ innanfor eit avgrensa område som ikkje er i samsvar med overordna plan, og syner då til dei to andre planinitiativa Krøssvølhaugadn og Fjellheim.

Samtlige innspel og vurderinga av desse finn ein i planprogrammet i si heilskap under kapittel 6.

Vurdering:

Planprogrammet er eit godt utgangspunkt for det vidare planarbeidet. Det er gjennomarbeidd og tek tilstrekkeleg høgde for overordna rammer og premiss. Innspela som har kome på planprogrammet er innarbeidd, medan innspela som m.a. gjeld arealdisponering vil bli vurdert i neste fase av planarbeidet.

Området er avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Sjølv om føreslege tiltak ikkje er i samsvar med overordna plan, meiner rådmannen det er riktig å vurdere ei mogleg tilrettelegging for bustader i området. Kommuneplanens arealdel er relativt ny, men fleire areal som er avsett til liknande føremål i Vang sentrum har låge inne i kommuneplanen sidan 90-talet og er endå ikkje utvikla.

I Vang sentrum er det som det blir påpeika ledige bustadtomter, men det er viktig med ein variasjon i tilbodet og tomtereserven for å kunne råke dei ulike marknadssegmenta. Klukkargrende legg og opp til å utvikle nøkkelferdige einestader og småhus for sal.

Rammeplan for vatn- og avlaup i Vang sentrum er under utarbeiding. Planområdet Klukkargrende ser ut til å ligge innanfor ein radius som vil gjera det mogleg å knytte seg til kommunalt vatn- og avlaup, men endeleg rammeplan vil avklare dette.

Vidare planarbeid med konsekvensutgreiing vil i si heilskap synleggjera om det er mogleg å utvikle området.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 12-9 tredje ledd, og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 b), vedlegg 1, pkt. 25, fastsett Vang kommune «Planprogram Klukkargrende» på gnr. 42 bnr. 1.

Hovudutval for utvikling 08.10.2019:

Behandling:

HU- 086/19 Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Saksordførar: Grete Aasheim

Kommunestyret 17.10.2019:**Behandling:**

, foreslått av ,

Kommunestyret presiserer at tilføring av kommunalt vatn og avløp er ein førestetnad for utvikling av Klukkargrenda bustadområde. Kommunestyre vil påpeike at behandlinga av rammeplan VA for Vang sentrum vil gje prioriteringane av bustadfelt i Vang.

Det blei lagt til eit tilleggsforslag til vedtaket frå kommunestyre.

Samrøystes

KS- 066/19 Vedtak:**Framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 12-9 tredje ledd, og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 b), vedlegg 1, pkt. 25, fastsett Vang kommune «Planprogram Klukkargrende» på gnr. 42 bnr. 1.

Kommunestyret presiserer at tilføring av kommunalt vatn og avløp er ein førestetnad for utvikling av Klukkargrenda bustadområde. Kommunestyre vil påpeike at behandlinga av rammeplan VA for Vang sentrum vil gje prioriteringane av bustadfelt i Vang.